

Førsteblad.

Emnenr. 7	Fylke :: Hedmark
Tilleggsspursmål 1 - 25	Herad :: Tolga
Emne :: Skav.	Bygdelag :: Vingelen
Oppskrift av Eystein Eggen	Gard :: Ingen
adresse :: Vingelen	G. nr. Br. nr.

Oppskriften er delvis etter eiga røynsle og etter samråd med eldre bygdefolk.

- 1) Utanom høyet brukar ein enno reinsmose (måsså) ris, lauv og skav som dyra sjølvet tek beinveges frå stokken.
- 2) Ein kallar dei ymse forslaga utanom høyet for hjelpefør eller helst på bygdemålet for åtfang.
- 3) Skav eller skåv er lite brukt som nemning på tillaging av åtfang til krøter. Eg har spurd folk på 80 - 90 år om om dei minnest eller har høyrd enno eldre folk tala om denne måten som er nemnt i spursmåla om skav, men det har nok aldri vori brukt her i bygda å skava av åtfang frå stokken. Dei seier å skåvå, ei ha skåvå, ei ska skåvå eller ei skuill ha skåvå, men dermed meiner ein å skåvå av never og bork til ymse anna bruk. Den mest brukte nemninga er å berke når det gjeld gjerdestaur eller hesjeved, men her blir ikkjeborken brukt som åtfang til feet -.
- 4) Det som blir brukt til småfeet av bork blir kalla for bete eller gnag. Gnaget er eit regulært forslag til småfeet og brukast enno.
- 5) Til gnag brukar ein helst små høvelege stomner eller greiner av furu så fersk og mjuk som råd er. Gnag av lauvtrær har vori mindre brukt, meddi at nevra er hardare for dyra å gnaga av.
- 6) Ein brukar helst nemninga gnag (saugnag) på dette tilfanget som sau og geit får høventil å ~~xxxxxx~~ gnaga av stokkane.
- 7) ~~Ei~~ ber dette tilfanget inn på bingen til sau-en, og der ligg det til borken er avgnegen heilt rundt på furustokkane. Gnag blir aldri nytta til storfe eller hest. I gamle dagar slepte dei sau-en eller geita ut i "nautgarn" for at dei sjølv skal finna seg gnag på stokkane. Det fins ikkje noko rim om godleiken av t. d. skav eller gnag. Dette kjem vel av at skav av ymse treslag ikkje har vori sers nytta.
- 8) I mi bygd har folk all sin dag freista å samla mest mogeleg med høy frå markeslåttane. Dette høyet var mindre av vokster. ~~Ei~~ kalla det for morkhøy eller småhøy og nyttar det helst som for til småfeet og til storfe som sto med kalven eller mjølka mindre.

Ein kan såleis tenkja det seg slik, at når folk hadde flust med morkhøy, var det mindre nødvendig å bruk skav til storfeet, men ein drygde ut høyet til sau en ved å bruk gnag på den måten som er nemnt ovanfor.

9.) Dei furustokkane som vart nytta til sauengnag, vart helst henta heim frå skogen saman med vedfang. Asset vart velta av ute på tunet, og dei strangane som høvde best til gnag vart så borne inn til sau en etter kvart. Denne måten er framleis nytta slik.

10.) Dei reiser ofte til skogen for å hent heim gjerdefang (stolpar og staur) eller hesjeved.

No er hesjeveden mindre brukt -- ein brukar berre staur til jerntråden som dei hengjer høet i.

Staur og stolpar blir som jamnast nytta til gnag, eller ein brukar vanleg vedfang.

11.) Ein reiser etter gjerdefang som ein høgg av grannvaksen furu og nytta til gnag før ein teljar stokken rein for kvist eller kronglar.

12.) Gjerningsordet marka blir ikkje nytta på det åtfanget ein tek av skogen, t. d. gnag.

Ordet har vel samanheng med nemninga: "å rese åt morken." Da reiser folk til markeslatten for å slå dei naturlege enga. Før brukte dei å reise åt morken både før og etter slåttonna heime på gården.

No blir markeslattene for det meste nytta til beite åt feet.

13.) Det er helst ut på våren eller sist på sledeføret at folk hentar heim råfur u til ved eller ymse emnefang. Da blir det mindre med høy til småfeet, og dei fær gnag på bingen. Elles er det mange som rår seg med gnag heile vinteren.

14.) Ein kallar det å berka staur eller stolpar når ikkje alt blir nytta til gnag. Dette arbeidet blir gjort i snøløysinga om våren. Dei står helst i solveggen ute og brukar øks, barkespader eller bandkniv etter som emnet er. Bandkniven høver til ~~xxxxxx~~ kvistfritt emnefang. Han er omframt laga til å berka helst hesjestenger med. Han har handhang i både ender. Han som berkar med bandkniv dreg egg mot seg.

15.) Avfallet (kvist og bork) frå berkinga blir aldri nytta som åtfang til feet. Dei turkat borken i vårsola og ber han inn i vedskjolet. Dei brenner han opp etterkvart. Bestefar som var fødd i 1805, brukte å løypa never og bork av ~~bjørk~~ bjørka som han henta heim til ved om vintranen.

Han saga høvelege kubbar av jamn, fin bjørk og bar dei inn så dei tinte opp. Så flekte han nevra og borken av. Nevra nytta han til tekkje på tak og borken til å garva huder med. Det var ei økonomisk utvinning av skogen som høvde i hans tid. No er det slutt med heimegarving, og nevra tek ein helst av bjørka når ein høgg henne om sumaren.

Etter den utgreiinga eg her har gjort ovanfor , blir det lite å svara på desse spørsmåla .

Nemninga "skåvå" nyttar ein her i bygda når ein skavar never og bork av granne og heilt kvistreine stokkar eller stenger , og da nyttar ein helst bandkniven . Ein brukar ofte å slå ein jernhake i rotenden på staven eller stongen og skavar borken av på den måten . Elles heiter det "å økse eller berke" . Men som det før er nemnt , blir ikke noko av det ein skavar eller berkar av dei ymse treslaga nyttu til føde for feet.

Tradisjonen burde vel kanskje ha bore fram eit eller anna minne om denne bruksmåten , men korkje i skrift eller tale kan ein finna skavet nyttu til hjelpefør eller åtfang.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING